



VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Frå Jaslangen, akvarell av Gro Børhei

Årsmelding 2006

	side
Fjellstyre	3
Medlemmer	3
Aktivitet	3
Fjelloppsyn.....	3
Tilsette	3
Aktivitet	3
Refusjon.....	3
Samarbeid – oppdrag	4
Stølsbruk	4
Stølar, beite og tilleggsjord	4
Stølsforskrift	4
Områdetiltak "Heime og på støle"	4
Tomtefeste	4
Næringsfester	4
Hyttefester.....	5
Bustadfester	5
Tomtefestelov	5
Fiske	5
Sal av fiskekort.....	5
Registreringar	6
Statistikk.....	6
Småviltjakt.....	6
Jaktkortsal	6
Forvaltning	6
Jaktstatistikk.....	7
Elgjakt	7
Administrasjon	7
Elgtrekk	7
Driftsplanarbeidet	7
Valhall	7
Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen	8
Hjortejakt	8
Rådyrjakt	8
Jaktprøver	8
Informasjon - tiltak for friluftsliv	8
Informasjon	8
Inatur - internettportalen.....	9
Turkart.....	9
Tilrettelegging for friluftslivet	9
Rekruttering til friluftsliv	9
Motorisert ferdsel i utmark	9
Tilskot	10
Tilskot frå fjellstyret	10
Grunneigarfondet	10
Økonomi	10
Generelt	10
Resultat.....	10
Eigenkapital	11
Vasetfondet	11
Vedlegg til årsmeldinga:.....	11
Resultatrekneskap	12
Balanse	14
Revisjonsmelding	15

Årsmelding 2006

Fjellstyre

Medlemmer

Fjellstyret har hatt følgjande samansetning:

Leiar	Kjell Strand
Nestleiar	Kari Tyldum
Styremedlem	Hilde Berge
Styremedlem	Embrik Før
Styremedlem	Kjell Magne Snortheimsmoen

Aktivitet

Fjellstyret har hatt 8 ordinære styremøte, behandla 59 saker og vore på 1 befaring. I tillegg deltok representantar på landsmøtet i Norges fjellstypesamband, årsmøtet for fjellstyrta i Oppland, årsmøtet for fiskeanlegget FOSA, møter om stølsprosjekt, møter om driftsplan for elg m.m.

Fjellstyreleiar Kjell Strand er representert i styret for Norges fjellstypesamband, styret for Fjellstyrta i Oppland, styret for FOSA, driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre og i Regionalt oppsynsutval. Fjellstyreleiaaren har i tillegg delteke på ulike møter og befaringsar. Nestleiar Kari Tyldum er representert i styret for områdetiltaket "Heime og på støle".

Fjelloppsyn

Tilsette

Fjellstyret har hatt følgjande tilsette i året:

Fjelloppsyn I Harald Ranum i 100 % stilling.
Fjelloppsyn II Endre Hemsing i 60 % stilling.
Sesongoppsyn Erle Frantzen i 1 månad

I tillegg er det leigd inn deltidshjelp i samband med tiltak for friluftslivet, fiskekulturarbeid og stølsprosjekt.

Aktivitet

Fjelloppsynet har ein samansett funksjon som omfattar saksbehandling, kontroll, skjøtsel, informasjon m.m. Administrasjon og saksbehandling for fjellstyret er viktigaste arbeidsoppgåve for fjelloppsynet. I feltarbeidet er informasjon og tilrettelegging prioriterte oppgåver.

Fjelloppsynet har representert fjellstyret i ulike samanhengar, m.a. er Endre Hemsing styremedlem i "Prosjekt bedre bruk av regulerte vassdrag i Oppland".

Refusjon

Etter fjellova §36 skal fjellstyret ha refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning. Refusjonsorninga er no slik at det er årleg godkjenning av budsjett på oppsynsutgifter avhengig av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Regelverket for tildeling av refusjon skal vurderast ut frå aktiviteten i allmenningane. Fjellstyret fekk kr 227.241 (2005: 222.816) i refusjon frå staten.

Samarbeid – oppdrag

Siste år hadde ein følgjande faste oppdragsgjevarar:

- Administrasjon av driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre kommune
- Oppsyn med motorisert ferdsel i utmark for Ulnes sameige
- Fjelloppsyn for Vang fjellstyre i Eidsbugarden fjelleigedom

Det er i tillegg utført ein del kortvarige oppdrag for ulik oppdragsgjevarar.

Inntektene ved utleige av tenester er kr 87.837,79 (2005: 85.623,41).

Stølsbruk

Stølar, beite og tilleggsjord

Fjellstyret godkjent overføring av ein støl på Flisøyen frå Vårli 71/22 til Øygarden 75/9.

Fjellstyret har tilrådd utvising av inngjerd beite på 24 daa til S 830 på Buøddin.

Samla er det 297 stølar og 66 fester for kulturbete/tilleggsjord i statsallmenningen.

Stølsforskrift

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut framlegg til ny stølsforskrift til høyring. Fjellstyret er kritisk til delar av endringane, spesielt utvida grunnlag for å få vist ut støl og endringar med omsyn til opprettning av feste på stølar som ikkje er i bruk. Etter fjellstyret sitt syn tener delar av endringane ikkje stølsdrifta.

Områdetiltak ”Heime og på støle”

I 2005 gjennomførte kommunen og fjellstyret eit forprosjekt for å vurdere eit områdetiltak knytt til satsing på stølsbruk. Partane har vedteke å starte eit brukarstyrt treårig områdetiltak med oppstart i 2007. Det skal tilsettast ein prosjektleiar i 100 % stilling. Prosjektleiar vil få kontorplass på kommunehuset. Kommunen går inn med ei 50 % stilling og fjellstyret går inn med ei 25 % stilling. Resten av stillinga og andre kostnader blir finansiert eksternt. Målet for tiltaket er å oppretthalde den aktive stølsdrifta og dei verdifulle kulturlandskapene i fjellet.

Tomtefeste

Næringsfester

Det er oppretta eitt nytt feste for næring i 2006. Samla er det 20 fester for ulike næringstromter i allmenningen.

Nøsen fjellstue har lagt fram reguleringsplan for utbygging av ca 30 hytter og ei større utbygging av fjellstua. Fjellstyret var sterkt kritisk til planen. Etter fjellstyret sitt syn vart det lagt opp til alt for hard utnytting av området. Fjellstyret meinte også at reguleringsplanen ikkje burde godkjennast før arealet avsatt til infiltrasjon var dokumentert å vera skikka ut frå ei maksimal utbygging. Kommunen godkjente likevel planen. Utbyggjarane har i slutten av året søkt dispensasjon for meir areal til infiltrasjonsanlegg. Vi har no fått den situasjonen som fjellstyret åtvara mot og det er ikkje akseptabelt at området kan bli teke i bruk bit for bit ved dispensasjonar. Etter fjellstyret sitt syn er planlagt utbygging for stor for arealet dersom reinseanlegget ikkje kan plasserast innanfor regulert område.

Fjellstyret har behandla framlegg til reguleringsplan frå Vaset skiheiser for utbygging av hytter og leilegheiter i område S10 i nærleiken av skiheisen. Fjellstyret meinte det var ei därleg planløysing for området og frårådde godkjenning av planen. Kommunen og utbyggjar

vart ikkje samde om vilkåra knytt til reguleringsplan. Kommunen har gjort vedtak om å avslutte prosessen med reguleringsplan.

Hyttefester

I 2006 er det oppretta 2 nye hyttefester på Vaset. Samla er det 595 fester for hytter i allmenningen.

Vaset utbyggingsselskap har fått godkjent reguleringsplan som gjeld fortetting i hyttefeltet Øvre Stubbiset. Planen inneholder 26 gamle hytter og 16 nye tomter. Arbeidet med utbygging av feltet vil starte opp i 2007.

Fjellstyret frårådde i 2005 ein søknad om deling av hyttefeste på Murkelie. Statskog har følgt tilrådinga frå fjellstyret. Kommunen har i 2006 gjeve tilsegn om at dei vil godkjenne søknaden om nytt feste dersom Statskog samtykkar. Fjellstyret har på nytt frårådd Statskog å godkjenne søknaden. Fjellstyret meiner dette vil ha presedens som kan føre til fleire nye fester.

Bustadfester

I 2005 vart det i kommuneplan avsett to nye bustadfester på Stubbeset, men det er ikkje utarbeidd reguleringsplan for områda. Samla er det ni fester for bustadar i allmenningen.

Tomtefestelov

Stortinget vedtok i 2004 endringar i festeloven. Dette førte med seg at festetomtene kunne løysast inn til ein pris som er 30 gonger årleg festeavgift, alternativt til 40 % av tomteverdi. Endringa gjorde at inntektene til fjellstyret kunne gå dramatisk ned. Tomtefesteloven vart reversert i 2006 slik at det ikkje lengre er innløysingsretten for fritidsbustad i statsallmenningar. Reversering av lova vil sikre fjellstyret eit godt økonomisk grunnlag for å drive aktiv forvaltning i framtida også. Det vart vedteke overgangsreglar i tomtefesteloven som gjer at det blir innløysing tom 2007 for dei som har sett fram krav om dette i rett tid. For 2006 er det løyst inn ei tomt og for 2007 er det sett fram krav om innløysing av åtte tomter.

Tomtefeste gav fjellstyret samla i 2006 ei inntekt på kr 999.320,50 (2005: 733.168,80). Inntekt frå tomtefeste for hytter/hotell blir delt 50/50 mellom fjellstyret og grunneigarfondet.

Fiske

Sal av fiskekort


Det vart selt 1213 stk fiskekort samla for innan- og utanbygdsbuande. Dette er ein nedgang på 290 stk samanlikna med året før. Kortsaledet gav ei bruttoinntekt på kr 165.620,00 (2005: 193.734,56 - inkluderte utbetaling frå "Fisking i Valdres").

Sal av kort fordelt på korttypar:

Innanbygds				Utanbygds											
Enkeltkort				Familiekort				Enkeltkort				Familiekort			
1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	Veke	År	1-d	3-d	Veke	år	1-d	3-d	veke	År
9	2	2	75	0	2	0	30	362	215	62	147	77	59	44	127
88				32				786				307			
120								1093							
1213															

Fiskekort vart for andre år selt via SMS på mobiltelefon. Dette viser seg å vera ei svært vellykkja ordning der kort alltid er tilgjengeleg. Girokasser for sal av kort er derfor avslutta.

Fjellstyret har hatt direkte utgifter til settefisk og kulturarbeid på kr 99.106,26 (2005: 93.718,28). I tillegg kjem arbeidet til fjelloppsynet og leigd hjelp, samt godtgjersle for innsamling av fangsstatistikk m.m.



Registreringar

I samarbeid med fiskarane blir det gjort registreringar og anna kulturarbeid. Ein får på dette viset ein meir kontinuerleg overvaking av vatna og eit sikrare grunnlag å vurdera kultiveringstiltak på. Dette er kostnadssparande og styrkjer kontakten mellom forvaltninga og brukarane av vatna.

Statistikk

Statistikk for fiske er ikkje klart ved godkjenning av årsmeldinga. Dette vil seinare bli lagt ut på nettsida til fjellstyret (www.vestre-slidre-fjellstyre.no).

Småviltjakt

Jaktkortsal

Jaktkortsala gav ei inntekt på kr 310.858, (2005: kr 310.858,88).

Jaktkortsal										
innanbygds		Utanbygds								
fritt kortsal		regulert sal				fritt kortsal				
u/hund	m/hund	u/hund	m/fuglehund	1.p	2.p	m/harehund	u/hund	m/fuglehund	m/harehund	
23	40	51	46	96	94	43	74	43	34	
63		97		190						
				330				151		
						481				
						544				

Forvaltning

Fugl:

Utover 90 talet gjekk bestanden og avskytinga av rype ned år for år. På bakgrunn av dette reduserte fjellstyret jaktpresset ved ulike tiltak. Talet på jaktkort vart redusert med 20 %, lirypa vart freda for alle korttypar etter 10 dagar, det vart innført dagskvote på 2 liryper og 2 fjellryper og jakt etter fjellrype vart avgrensa til å gjelde kote 1200 moh på Bukono- og Gilafjellet. Etter initiativ frå jeger- og fiskarlaget vart jakttida for småvilt, utanom lirype,

utvida til 15. desember. Tiltaka har redusert jaktpresset på rype samstundes som vi har kunne gi jegerane eit jakttilbod. Etter tusenårskiftet har rypebestanden auka att.

Tidlegare meinte forskarane at jakt hadde liten innverknad på rypestamma. Nyare forskingsresultat tyder på at jakt likevel har stor innverknad, særleg i lett tilgjengeleg terren. Dette vil stille større krav til forvaltninga av viltet i framtida, med betre tilpassa avskyting etter storleik på bestand. Fjellstyret har venta på sluttrapport frå det 5-årige ”Rypeprosjektet” for å vurdere ny forvaltningsmodell. Det ser ikkje ut som denne vil koma og det er i staden starta opp eit heilt nytt prosjekt. Vi får sjå om det blir noko praktisk resultat av dette.

Hare:

Samanlikna med 80-talet har bestanden hatt den same nedgangen som rype. Ein har ikkje endra forvaltninga vesentleg dei siste åra, men jaktpresset har gått ned i takt med redusert bestand.

Jaktstatistikk

Statistikk for småviltjakta er ikkje klart ved godkjenning av årsmeldinga. Dette vil seinare bli lagt ut på nettsida til fjellstyret (www.vestre-slidre-fjellstyre.no).

Elgjakt

Administrasjon

Administrasjon av elgjakta er frå 2004 administrert av fjellstyra, dette har tidlegare vorte gjort av Statskog. Søknad om elgjakt og trekking av jaktfelte skjer på Inatur, nettportalen som bl.a. Norges fjellstypesamband er medeigar i. Kontraktarbeid og fakturering blir gjort av fjellstyret.

Elgjakta gav ei inntekt på kr 104.008,80 (2005: kr 122.124,80).

Elgtrekk

Fjellstyret kjøpte i 2001 inn elgtrekk for å redusere slitasje på terren, samstundes gir dette elgjegerane eit godt tilbod for framkjøring av elg. Dette ser ut til å fungere godt og er bra motteke av jegerane. Utleige av elgtrekken gav ei inntekt på kr 1200,00 (2005: kr 1.050,-).

Driftsplanarbeidet

Alle grunneigarlag i kommunen har frå 1997 samarbeidd om driftsplan. Hausten 2005 var ein ferdig med tredje planperiode og har gjort mange nyttige erfaringar slik at ein har betre kunnskap til å forvalte elgstamma i framtida. Ein ny plan for 2006-2009 er godkjent. Også hjort og rådyr er med i driftsplan slik at det omfattar alt hjortevilt.


Elgstamma var i sterkt vekst før ein starta med driftsplanarbeidet, og ein hadde som mål å redusere veksten i stamma. To år med rekordkvoter stoppa veksten og avskytinga var stabil i tre år. Etter ein nedgang på ca 20 % for fire år sidan har den årlege avskytinga vore frå 19 til 21 dyr i statsallmenninga. Elgbeitetaksering våren 2005 syner at vinterbeitene i kommunen er hardt belasta, elgstamma bør derfor ikkje aukast. Tildelt kvote for heile kommunen i 2006 var på 105 dyr med ei felling på 92 dyr. Vaksne dyr under 150 kg blir rekna som ungdyr i driftsplansamanheng, men i offentleg statistikk må dei førast som vaksne. Derfor kan det enkelte år vera felt fleire vaksne dyr enn det driftsplanen legg opp til.

Valhall

Vestre Slidre driftsplanlag for hjortevilt er med i Valhall. Dette er eit regionsamarbeidet for elgforvaltning mellom 8 kommunar som ut frå dagens kunnskap dannar ein naturleg region for elgen. Det er fire kommunar frå Hallingdal; Flå, Nes, Gol og Hemsedal og fire kommunar frå Valdres; Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang.

Det blir arrangert felles møter og felles gjennomgang av innsamla materiale med tilråding om avskytingsstrategi, men det er ikkje noko forpliktande samarbeid.

Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen



Hjortejakt

Statsallmenningen hadde kvote på ein eldre bukk. Det vart ikkje felt dyr.

Rådyrjakt

Kortslet er administrert gjennom Vestre Slidre jeger- og fiskarlag. Det vart selt 6 rådyrkort og eitt dyr vart felt. Kortslet gav ei inntekt på kr 960,00 (2005: kr 800,00).

Jaktprøver

Det vart arrangert både vinterprøve og haustprøve. Det var ingen merknader til avviklinga av prøvene. Prøvene gav ei inntekt på kr 4.875,00 (2005: kr 6.045).

Informasjon - tiltak for friluftsliv

Informasjon

Informasjon og tilrettelegging er eit prioritert arbeidsfelt for fjellstyret. Fjellstyret har internetsider (www.vestre-slidre-fjellstyre.no) med informasjon om jakt, fiske og anna orientering om allmenningen. Frå 2003 er fjellstyrevedtak, årsmelding og offentleg ettersyn tilgjengeleg her. Internett har etter kvart vorte ei viktig informasjonskjelde og fjellstyret vil arbeide vidare for å betre sidene.

Fjellstyrt har laga til ein versjon av turkartet som er lagt ut på nettsida til fjellstyret. Dette er eit interaktivt kart med søkeboksar for hytteutleige, bedrifter, kulturminne m.m.

Inatur - internettportal

Internettportalen www.inatur.no er eit felles satsingsområde for Norges Skogeierforbund, Norges jeger- og fiskerforbund, Statskog og Norges fjellstypesamband. På portalen skal du kunne få informasjon og kjøpe tenester innan jakt, fiske, hytteutleige og kart.

Fjellstyret tilbyr jakt- og fiskekort på internett fra Inatur. Søknad og tildeling av elgjakt går også gjennom Inatur.

Turkart

Sal av kartet gav ei inntekt på kr 30.632,98 (2005: kr 43.565,38). Nytt opplag av kartet må trykkast i 2007.

Tilrettelegging for friluftslivet

Pga den økonomiske situasjonen til fjellstyret er det dei siste åra berre gjort mindre tiltak for friluftslivet. Økonomien til fjellstyret er no langt betre og det rom for ein større innsats på dette området i framtida.

Fjellstyret har i samarbeid med turistnæringa starta opp eit prosjekt for tilrettelegging for sykkel i vestfjellet. Prosjektet er i sitt andre år. Det er utarbeidd plan for tiltak som går over fleire år. Sist år vart det gjennomført ny skilting og det er trykt opp ei eige sykkelbrosjyre. Grunneigarfondet støtta tiltaket med kr 8.000.

Rekneskapet syner ei utgift på kr 58.447,20. Dette gjeld i all hovudsak sykkelprosjektet og ombygging av do på Flydammen.

Rekruttering til friluftsliv

Arbeidet med rekruttering av ungdomar til jakt, fiske og friluftsliv i samarbeid med skulen og jeger- og fiskarlaget er ført vidare. Det er gjennomført ein isfiskedag i april på Rensenn for 5. klassane, ein fiskedag i juni ved Buaråne for 6. klassane, fiskedag ved Buaråne i juli og fiskeutsetting saman med 9. klasse. Samarbeidsgruppa har ein 30-manns lavo, båt, fiskeutstyr, turutstyr m.m. Dette utstyret blir brukt i ulike samanhengar på skulen.

Fjellstyret dekkar som tidlegare kostnadane til jegerprøven og gir gratis fiskekort for ungdom tom 20 år. Frå 2005 omfattar ordninga gratis jaktkort for ungdom tom 20 år.

Fjellstyret har samarbeidd med kommunen om "Fjellstafetten" ved praktisk arbeid og dekning av kostnader.

Motorisert ferdsel i utmark

Ulovleg bruk av snøskuter varierar frå år til år, men er framleis eit problem. Dette er ei utvikling som ikkje er spesiell for Vestre Slidre, men ser ut til å utvikle seg i fleire områder. Erfaring syner at miljøet blir tøffare og politiet tilrår no at fjelloppsynet å vera varsam med å drive slikt oppsyn åleine.

Det trengst større samarbeid både frå fjelloppsyn, politi, SNO og kommune for å få dette under kontroll. Frå Regionalt oppsynsutval er det ynskje om snøskuterkontroll over kommunegrensene mellom politi, SNO og fjelloppsynet. Fjellstyret har vedteke å stille

fjelloppsynet til disposisjon for dette føremålet. Det vart i 2006 gjennomført ein fellesaksjon i Vestre Slidre, Nord Aurdal og Vang. Representantar frå politi, Statens naturoppsyn og fjelloppsynet deltok i aksjonen. Politihelikopteret deltok også i aksjonen.

Politiet har oppretta eit miljøutval der fjelloppsynet er representert. Utvalet gjennomførte ein fagdag om motorferdsel i utmark der juridisk avdeling frå Fylkesmannen i Oppland informerte om gjeldande regelverk. Deltakar var kommunane, politi og oppsyn i Valdres. Fagdagen vil bli følgt opp med informasjonsskriv til aktuelle brukarar.

Tilskot

Tilskot frå fjellstyret

Fjellstyret har gjeve kr 163.256,25 i tilskot (2005: kr 52.000,00).

Tilskot er fordelt slik:

Skibuss	kr	2000
Stølsvegar	kr	116 906
Fysak	kr	3.850
Delprosjekt "Grøn omsorg og grøn turisme"	kr	30.000
Stølspost	kr	8.500
Vestre Slidre sau og geitalslag	kr	2000
Sum	kr	163.256

Grunneigarfondet

Festeinntektene frå statsallmenningen blir delt likt mellom Grunneigarfondet og fjellstyret. Privatpersonar, kommunar, organisasjonar og andre kan søkje om tilskot eller lån til tiltak i allmenningane eller som utnyttar resursar frå allmenningane.

For 2006 var det sendt inn fire søknader om tilskot frå grunneigarfondet. Det vart gjeve tilskot på kr 8.000 til sykkelprosjekt i Vestre Slidre vestfjell.

Det er tidlegare gjeve tilsegn om inntil kr 500.000 i tilskot til framføring av straum til stølar ved Midtre Syndin for den del som ligg i allmenning. Prosjektet med framføring av straum til Syndin har teke lengre tid enn berekna og det var derfor gjeve utsetting med å fullføre prosjektet. Framføring av straum vart fullført i 2006.


Økonomi

Generelt

Fjellstyret er eit frittståande organ både økonomiske og administrativt. Alle inntekter frå jakt og fiske i allmenningen går direkte til fjellstyret. Festeinntektene blir delt likt mellom fjellstyret og Grunneigarfondet (administrert av Landbruksdepartementet og delegert til Statskog). Fjellstyret får dessutan refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning direkte frå staten.

Resultat

Rekneskapet syner inntekt på kr 1.942.406 (2005: kr 1.833.301) og utgift på kr 1.630.299 (2005: kr 1.423.144). Dette gir eit overskot på kr 312.196 (2005: kr 410.210).



Eigenkapital

Eigenkapitalen er den 31.12 kr 1.270.915,35(2005: kr 958.719,04) inkludert varige driftsmidlar på kr 222.003,00 (2005: kr 246.003,00). Disponibel eigenkapital er kr 1.048.912,35 (2005: kr 712.716,04).

Eigenkapitalen var så låg nokre år at vi måtte låne for å drive gjennom året. Etter å ha redusert utgiftene dei siste tre åra og ved auka i festeinntekter, er fri eigenkapital så stor at dette ikkje lengre er eit problem.

Vasetfondet

Fjellstyret er tillagt administrasjon av Vasetfondet. Fondet var som ein kompensasjon for turistutbygging på Vaset og skulle brukast til tiltak knytt til stølar i området. Fondet er i realitetten avvikla og det står berre att sluttutbetaling når dei siste tiltaka er gjennomført.

Slidre den 14.3.2007

Kjell Strand
fjellstyreleiar

Embrik Før
styremedlem

Kari Tyldum
nestleiar

Hilde Berge
styremedlem

Bjell Magne Snortheimsmaen
styremedlem

Harald Ranum
dagleg leiar

Vedlegg til årsmeldinga:

Resultatrekneskap

Balanse

Revisjonsmelding

Resultatrekneskap

Kontonavn	År 2006	År 2005
Salgs- og driftsinntekt		
Rognsalg	13 680	7 200
Kartsalg avg. pliktig	30 633	43 565
Webkart-oppføring	14 250	0
Elgtrekk utleie	1 200	1 050
Elgjakt mva.pl.	104 009	122 125
Rådyr-jaktkort mva.pl	960	0
Oppdrag utleige avg.pl	24 300	25 175
Varesalg /uttak av varer	320	507
Refundert fellingsavgift elgjakt	6 470	7 050
Rådyrkort mva.fri		800
Fiskekort utanbygds	139 875	171 552
Fiskekort innanbygds	25 745	44 413
Fisking i Valdres		13 866
Jaktkort utanb. regulert	235 050	217 500
Jaktkort utanb. uregulert	40 915	68 404
Jaktkort innanbygds	26 090	24 955
Jaktprøve	4 875	6 045
Oppsynstj. utleie avg.fri	63 538	60 448
Vassdragreg. & premiering Bægav.	8 185	11 185
Tilskott	25 222	37 527
Refusjon oppsynutg. stat	227 241	222 816
Ufakt. oppsyn, jaktkort mm	-10 200	10 200
Festeavgift	999 321	733 169
Refusjon kostnader lager Vaset		3 750
Salgs- og driftsinntekt	1 981 678	1 833 301
Varekostnad		
Kart kostnader	2 873	14 400
Lagerending kart	16 400	15 600
Innleidt arbeid stølsprosjekt	20 000	
Varekostnad	39 273	30 000
Dekningsbidrag	1 942 406	1 803 301
Lønnskostnad		
Lønn til ansatte	475 609	453 496
Div tillegg fjelloppsyn	56 382	36 941
Lønn midlertidig tilsette	37 823	33 004
Lønn fjellstyremedlemmer	23 848	18 965
Feriepenger	68 395	62 931
Periodisert lønn & avg.	0	0
Fri telefon	5 702	4 000
Pensjon klp fri	69 948	57 018
Pensjon klp motkonto	-69 948	-57 018
Fri forsikring	396	0
Motkonto fri telefon	-5 702	-4 000
Motkonto fri forsikring	-396	0
Møtegodtgj. Fjellstyre	42 142	42 269
Arbeidsgiveravgift	45 539	41 156
Arb.giv.avg av påløp. Feriepenger	4 375	4 015
Aga.pl. pensjonskost	69 948	57 018
Pensjon KLP e.kap. innsk. u.agas	2 975	2 040
Refusjon av sykepenger	0	-2 794
Refusjon av arbeidsgiveravgift	0	-179
Yrkesskadeforsikring	2 507	2 399
Lønnskostnad	829 543	751 261

Driftskostn. og av- og nedskrivninger		
Avskriv. bygning/fast eie	10 000	10 000
Avskr. maskiner og inventar	14 000	14 000
Leie lokale	38 392	38 115
Reinhold lokale	9 344	9 036
Lys/varme lokaler	9 993	7 587
Leie datasystemer	13 050	0
Utstyr/mater.kjøp/rep	34 013	22 993
Telefon/datautstyr mm	8 824	7 124
Inventar	0	9 825
Arbeidsklær og arbeidsutstyr	1 356	169
Fiskekulturarbeid	99 106	93 718
Jakt & fiskestatistikk	10 513	8 013
Jegerprøve	8 036	5 740
Friluftsmidler	58 447	96 365
Snøscooter/elgtrekk	19 473	3 545
Diverse utgifter	1 519	2 085
Revisjonshonorar	6 250	6 875
Regnskapshonorar	30 666	24 860
Utsending fiskekort	0	10 788
Kontorrekvisita	18 461	9 022
Aviser, tidskrifter, bøker o.l	1 653	380
Møte, kurs, oppdatering o.l	400	3 385
Telefon fast V.S. Fjellstyre	3 418	4 160
Mobil 952 88 222 endre	3 429	5 234
Mobil 957 04 838 fjellst. H.Ranum	4 568	3 607
Tlf 613 43 300 Harald Ranum	0	9 912
Mobil 450 13 346 sense, sesongoppsyn	157	273
Porto	8 224	6 369
Driftskostn. og av- og nedskrivninger	413 294	413 178
Annen driftskostnad		
Bil & km godt gj. oppg.pli	45 779	45 373
Diett/reise utgifter	13 966	1 083
Diett statens satser	6 088	4 680
Annen godt gj.:motorsag/tlf	6 400	6 400
Provisjon kortsalg	31 633	31 764
Annonser	9 507	6 811
Internett, domene mm	4 631	6 531
Kontingent, fradragberettiget	80 615	46 410
Tilskott stølsveg	116 906	22 000
Tilskott almenn.formål	16 350	10 000
Tilskott Stølsprosjekt	30 000	20 341
Gaver	1 635	120
Forsikringspremie	7 299	8 493
Styre & bedr.forsaml.møte	3 532	5 102
Bank- og kortgebyr	636	931
Purregebyr kunder/leverandør	212	214
Administrasjonsavgift jakt mm	15 824	12 399
Annen driftskostnad	391 013	228 651
Driftsresultat	308 556	410 210
Renteinntekt bank	3 641	127
Rentekostnad bank	0	1
Rentekostnad leverandører	0	179
Netto finansposter	3 641	-54
Ordinært resultat før skattekostnad	312 196	410 157

Ordinært resultat	312 196	410 157
Årsresultat	312 196	410 157
Balanse		
Kontonavn	år 2006	år 2005
EIENDELER		
Lager vaset	180 000	190 000
Snøscooter Polaris 800 Sswitchb.	42 000	56 000
Aksjer	1	1
Valdres utmarkskontor	1	1
Langs. fordr. fosa as	1	1
Anleggsmidler	222 003	246 003
 Lager kart	0	16 400
Kundefordringer	163 371	189 593
Negativ lønn	0	1 440
Oppkj. ikke fakt. dr.innt	0	10 200
Oppsyn & jaktkort	0	60 448
2153.07.04561 driftskonto	910 805	566 329
2153.60.04669 kapitalkont	135	134
2153.07.08567 oppdragkskto	4 606	10 243
2153.52.26269 jaktkort	261 464	19 400
2153.52.26226 fiskekort	28 603	27 472
Bankinnskudd for skattetrekk	80 601	63 331
Omløpsmidler	1 449 584	964 989
 Eiendeler	1 671 587	1 210 992
 EGENKAPITAL OG GJELD		
Annen egenkapital	-1 270 915	-958 719
Oppkjent egenkapital	-1 270 915	-958 719
 Egenkapital	-1 270 915	-958 719
 Leverandørgjeld	-34 855	-4 932
Forskuddstrekk	-80 601	-66 435
Fagforeningskontingent	0	0
Oppgjørskonto merverdiavgift	-40 784	-41 495
Skyldig/betalt arbeidsgiveravgift	-20 195	-15 703
Påløpt arbeidsgiveravgift	-4 375	-4 004
Skyldig lønn	0	-8 260
Utlegg tilsette	-2 966	-33 773
Skyldige feriepenger	-68 395	-62 931
Påløpt kostnad og forskuddsbet.innt.	0	-9 740
Avsetning tilskott veg	-113 500	0
Avsetning andre tilskott	-35 000	-5 000
Kortsiktig gjeld	-400 672	-252 274
 Gjeld	-400 672	-252 274
 Egenkapital og gjeld	-1 671 587	-1 210 993

Revisjonsmelding

Valdres kommunerevisjon

**Til
Styret i Vestre Slidre Fjellstyre**

REVISJONSBERETNING FOR 2006

Vi har revidert årsregnskapet for Vestre Slidre Fjellstyre for regnskapsåret 2006, som viser et regnskapsmessig overskudd på kr 312.196 og en egenkapital på kr 1.270.915. Årsregnskapet består av resultat, balanse og noter. Årsregnskapet er avgitt av styret. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold, i henhold til kravene om regnskapsføring med mer i Lov om utnytting av rettar og lunnende i statsallmenning m.m. av 6.juni 1975 nr 31 (Fjelloven) og tilhørende forskrifter.


Vi har utført revisjonen i samsvar med Fjelloven av 6.juni 1975, forskrift om delegering av myndighet etter fjelloven av 1.juli 1995, Statskogs rundskriv 1/2003 og god revisjonsskikk i Norge. God revisjonsskikk krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av lov, forskrifter og god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av fjellstyrets økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Det er i 2006 kostnadsført og utbetalt et tilskudd på kr 8.500 til allmennyttig formål (stølspost), som ifølge ledelsen bygger på et gammelt vedtak. Vedtaket er ikke vedlagt regnskapet for 2006. Vi er også usikre på om et gammelt vedtak vil være gyldig for 2006. Vi må derfor ta forbehold om tilskuddet er i henhold gjeldende bestemmelser i rundskriv 1/2003.

Vi mener

- at årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrift og gir ett uttrykk for fjellstyrets økonomiske stilling 31. desember 2006 og for resultatet i regnskapsåret i Norge
- at fjellstyrets tilskudd til allmennyttige formål, med unntak for tilskuddet som nevnt i avsnittet over, er i henhold til gjeldende bestemmelser
- at ansatte/engasjert personell har ført timelister i henhold til gjeldende bestemmelser
- at kostnader knyttet til arbeidsoppgaver som gir grunnlag for tilskudd går klart fram av fjellstyrets regnskap eller noter til regnskapet.
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.

Fagernes 30.03.2007



Åge Sandsengen
revisjonssjef / registrert revisor

Valdres kommunerevisjon
P.B.142, 2901 FAGERNES

Org.nr.976 662 121
leder er medlem av Norges Kommunerevisorforbund
og Den Norske Revisorforening

Telefon 61 35 93 31
Telefaks 61 35 90 01